



# VEDERLAG 2019

## Om vederlag

Vederlag vert krevd ved alle Flora hamn KF sine kaier og er like ved alle Flora hamn KF sine kaier. Vederlagsregulativet skal godkjennast i styret til Flora hamn KF vart år og vederlagsregulativet for 2019 gjeld frå 01.01.19 til 31.12.19. Satsane er eks mva.

## Kaivederlag

Det skal betalast kaivederlag for å legge til kaier eigd av Flora Hamn KF etter følgjande satsar:

Av dei første	5000 BRT.	kr 0,60 / brt.
Av dei neste	5000 "	kr 0,52 / brt.
Deretter, over	10.000 "	kr 0,46 / brt.

Minstevederlag er kr 200 for farty mindre enn 15m og kr 400 for farty på 15m og større. Farty med som kjem under særskild vederlag er fritatt kaivederlag.

Kaivederlaget skal betalast for kvart påbegynte kalenderdøgn. Liggetida vert rekna f.o.m. fartøyet sin ankomst til kaia, og til det forlet den att, og kaivederlaget gjev rett til å ligge ved kai i inntil eit døgn. For fartøy som etter ordre frå hamneoppsynet må forhale frå kaia, for å gje plass for eit anna fartøy, og deretter legge til kai igjen, reknast liggetida som om fartøyet heile tida har lege ved kaia. Skifter eit fartøy frå offentleg kaiområde til privat kaiområde innan hamnedistriktet for lossing/lasting, reknast liggetida for avbroten.

Eit og same fartøy som går i fast rute og som går til offentleg kai fleire gongar i løpet av eit kalenderdøgn, betaler kaivederlag berre for bruk av kai. Fartøy som ligg ved kai i meir enn eit døgn må betale nytt vederlag for kvart døgn det ligg ved kai.

Farty som dagleg trafikkerer hamna i passasjersamanheng, og som betaler spesiell vederlag, er fritekne frå kaivederlag.

## Særskild vederlag

Følgjande farty har særskild vederlag

- 1) Lokale båttruter som dagleg trafikkerer hamna.**  
- Tildelt plass v/ off. kai-døgnplass: kr 640,- per brt.
- 2) Mindre farty i næringsverksemd med fast båt plass ved flytebrygge i indre hamn. (taxibåtar m.m.)**  
- Betaler eit årleg vederlag på kr 20.500,-

## Rabatt

Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på kaivederlaget etter søknad.

Kystrutefarty i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 55% per anløp.

Fiskefarty frå 30m opp til 50m, heimehøyrande i Flora kommune	kr 10.000,- pr år.*
Fiskefarty frå 15m opp til 30m, heimehøyrande i Flora kommune	kr 6 000,- pr. år.*



Fiskefarty opp til 15m, heimehøyrande i Flora kommune

kr. 3 000,- pr. år.\*

\*gjeld inntil 50 døgn i året og berre ved fiskeriflytekaia ved Amfi, fiskerikaia i Hesteneset eller anna tilvist kai etter avtale med Flora Hamn KF. Det er eit krav at brukarar med årsavtale alltid meldar frå ved ankomst og avgang.

### **Passasjervederlag**

Det skal krevjast inn kr 3,00- i passasjervederlag for kvar passasjer som reiser til eller frå passasjerterminalen på Fugleskjærskai.

### **Bil over offentlig kai**

Betaler eit vederlag på kr 10,- pr. køyretøy pr. tur. Gjeld alle offentlege ferjekaier.

### **Fortøyning/oppmøte**

Dagtid (normal arbeidsdag mellom 08:00-15:00)

kr 680,- pr time

Kveld/natt/helg (alt utanom normale arbeidsdagar mellom 08:00-15:00)

kr 1320,- pr time

### **Hamnebåt (TBN)**

Leige av båt m/førar etter avtale.

### **Opplagsvederlag varer**

Goods som er landa og vert liggjande ut over 48 timar på offentlig kai, svarer følgjande vederlag:  
kr 8,- per m<sup>2</sup> per døgn

### **Korttidsleige av areal (inntil 6 mnd)**

Korttidsleige av areal gjeld berre ved avtale inngått i forkant. Elles er det opplagsvederlaget som ligg til grunn.

Uteareal, ikkje ISPS kr 36 pr m<sup>2</sup> pr mnd.

Uteareal, ISPS kr 40 pr m<sup>2</sup> pr mnd.

Bruk av kaiareal i forbindelse med festivaler og spesielle arrangement etter avtale.

Langtidsleige etter avtale.

### **Avfallsvederlag**

Jamfør forskrift om begrenning av forureining (FOR 2004-06-01 nr 931) skal omkostningar knytt til mottak og vidare handtering av avfall frå skip dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamna. Omfanget av gebyret skal reknast på grunnlag av skipets bruttotonnasje (BT), og/eller levert mengde. Vederlaget vert ilagt sjølv om skipet ikkje nyttar seg av tilbodet. Det vert gjeve fritak eller fråfall av gebyr om det kan dokumenterast at avfallet vert levert fast i ei anna hamn og det kan dokumenterast at denne hamna har mottaksordning i samsvar med kapittel 20 i forskrifta, eller at særlege omsyn tilseier det.

Fartøy som anløper kaier til Flora hamn, der det er utplassert avfallscontainer, betaler pr. anløp eit vederlag etter følgjande satsar\*:

Fartøy under 50 BT er fritatt for avfallsgebyr.

Skip mellom 50 og 100 BT

Kr. 32,00



Skip mellom 101 og 1000 BT	Kr.	155,00
Skip mellom 1001 og 3000 BT	Kr.	310,00
Skip mellom 3001 og 5000 BT	Kr.	415,00
Skip mellom 5001 og 10000 BT	Kr.	820,00
Skip mellom 10 001 og 20 000 BT	Kr.	1240,00

Skip over 20 000 BT betaler for faktiske kostnader, med tillegg av 10% til administrasjon.

\*Dette gjeld bysseavfall og emballasje av skipsfornødenheter. Avfall og dønnage frå lasteromma, samt utrangert fiskebruk av ein kvar art betalar for faktiske kostnad inkl. transport og containerleige med tillegg av 10% for administrasjon.

Såkalla "Spøkelses-garn" kan leverast vederlagsfritt mot at det er innmeldt til Flora Hamn på førehand.

### **ISPS-vederlag**

ISPS-fartøy betalar eit vederlag på kr. 0,20/bt pr døgn.

ISPS- passasjerfartøy betalar i tillegg eit vederlag på kr. 17,- pr. passasjer.

Alle farty over 15 meter som nyttar seg av ISPS-terminal skal betale ISPS-vederlag uavhengig om fartyet er eit ISSC-farty eller ikkje. Fartøy som ikkje har ISSC-sertifikat er fritatt for ISPS-vederlag ved anløp der hensikta kun er bunkring av drivstoff og bunkringspersonell er tilstades under heile anløpet, og ISPS-infrastrukturen elles ikkje vert nytta.

Dersom eit fartøy som følgje av auka sikringsnivå eller andre krav om bord krev ekstra tryggingstiltak under hamneopphaldet vil kostnadane for desse tilleggstiltaka lastast rederiet.

### **ISPS- andre aktørar**

#### Transportsikringskontrakt

Faste transportørar, leverandørar, brukarar og andre leigetakarar i ISPS-anlegget til Flora hamn KF kan signere transportsikringskontrakt (tidlegare kalla "Sikkerheitserklæring frå fast aktør"). Om det er tvil om at aktør ikkje held pliktane i transportsikringskontrakta vert aktør rekna som utan transportsikringsavtale.

Alle aktørar som ønskjer ein transportsikringsavtale må søke Flora hamn KF ved å sende ei henvending til [hamn@flora.kommune.no](mailto:hamn@flora.kommune.no). Det er vederlagsfritt å få transportsikringskontrakt. Transportsikringsavtalen er eit krav for å få utstedt ISPS adgangskort og den unntek aktøren frå kravet om 5% gjennomsøking og kontroll ved entring av ISPS-området ved nivå 1.

#### Kurs

Godkjent ISPS-kurs finn ein på [www.florahamn.no](http://www.florahamn.no). Kurset er personleg og kursdeltakar må skrive ut/lagre kursbevis etter gjennomført kurs. Godkjent kursbevis må framleggast for å få adgangskort. Tilsvarande kurs frå andre ISPS-terminaler vert godkjent som gjennomført ISPS-kurs ved framlegging av kursbevis.

#### Adgangskort:

Adgangskortet er personleg og kan inkludera adgang for køyretøy. Føresetnadane for å få adgangskort er godkjent ISPS-kurs og gyldig transportsikringskontrakt.

#### Prisar



ISPS-kurs	kr 410 per kurs
Utsteding ISPS-adgangskort:	kr 250 per kort
Årleg vederlag for ISPS-adgang :	kr 300 per kort
Gebyr for tapt/ødelagt ISPS-kort, inkludert lånekort :	kr 400 per kort
Adgangskort eldre enn 5 år kan skiftast ut vederlagsfritt.	
Midlertidig køyretilgang:	kr 50 pr døgn

Besøkande utan bil vert gitt tilgang kostnadsfritt.

#### Tilgang køyretøy utan adgangskort

Midlertidig kjøretilgang vert belasta pr kalenderdøgn for besøkande til terminalen for gods- og varetransport. Dette vert fakturert etterskotsvis og fakturering vert gjennomført 4 gongar i året. Generelt anbefalast det å inngå ein transportsikringskontrakt.

Privatkundar som kan framvise gyldig dokumentasjon på henting av varer, vil ikkje bli lasta for vederlaget. Det er speditørens ansvar å utstede dokumentasjon til privatkundar.

#### Lasting og/eller lossing av ISPS-farty

Ved lasting/lossing av ISPS-farty ved Flora hamn KF sine kaier så er det ønskeleg at aktør har inngått ein transportsikringskontrakt og har godkjent personell som kan utføre sikringsoppgåver i tillegg til laste- og losseoperasjonar. Aktørar som ikkje har denne kontrakta eller godkjent sikringspersonell som kan ivareta pliktene i sikringsplanen, må tinge godkjent sikringspersonell av Flora hamn KF for gjennomføring av laste- og losseoperasjonar. Aktør som lastar og/eller lossar vert fakturert pr time, frå ein time før ankomst av farty til ein time etter avgang av farty etter prisar oppgitt under "fortøyning/oppmøte".

#### **Straum**

Straum vert fakturert etter forbruk med eit vederlag av hamnas sine faktiske kostnader + kr 0,90 i armaturleige pr kwh.

For farty mindre enn 15 m, kr 100 pr døgn.

For levering av straum utanom ordinær arbeidstid kjem det tillegg for utkall av mannskap tilsvarende faktisk brukt tid, minimum ein time.

#### **Ferskvatn**

Fylling av ferskvatn pr tonn: kr.16,- pr. tonn

Minstepris (10 tonn) : kr.160,-

For levering av vatn utanom ordinær arbeidstid kjem det tillegg for utkall av mannskap tilsvarende faktisk brukt tid, minimum ein time.

#### **Varevedelag**

##### Reglar

Varevedelag for inngående varer kviler på varemottakar. Varevedelag for utgåande varer kviler på vareavsendar.

For stykkgodsfarty vert vederlaget innkravd av fartyet sin ekspeditør. Hamnesjefen avgjer i kvart enkelt høve kva for farty som vert å nemne som stykkgodsfarty, og kva slags last som skal nemnast



som stykkgoods. For slike farty skal ekspeditør sende oppgåve til hamnevesenet kvar måned. Oppgjer skal betalast etter utløpet av kvar måned. Oppgjeret skal følgjast av ei oppgåve over farty og anløpsdato, med tilhøyrande vederlag, samt total sum med frådrag for fastsett innkrevjingsgodtgjersle. Det skal leggjast ved oppgåva ei stadfesting frå firmaet sin revisor om at dei oppgitte summene utgjer varevederlaga, i samsvar med satsane i dette regulativet, for dei varer som er lossa frå dei farty som er nemnd i det angjeve tidsrom. Varevederlaget skal først opp på eigen konto og for kvart farty, i mellomrekning med hamnevesenet. Hamnevesenet har høve til ved stikkprøver å kontrollere og kan krevje det materialet som ein finn naudsynt lagt fram.

For varer som kjem med andre farty (bulklstar) skal det betalast varevederlag av vedkommande varemottakar, etter rekning frå hamnevesenet. Ekspeditør eller meklar, eller om fartyet ikkje har slik – fartyet sin førar, skal snarast mogeleg etter ankomst sende hamnevesenet oppgåve over vara si art (sjå regulativ), mottakar og vekt av kvar enkelt mottakar sitt parti.

Varer må berre leggjast på dei stader som hamneoppsynet tilviser. Dei må snarast mogeleg fjernast om ikkje anna er avtala med hamneoppsynet. Varer som vert liggjande utan hamneadministrasjonen si godkjenning, eller som vert lagra utan denne, kan fjernast og lagrast annan stad for mottakar eller avsendar si rekning. Om slike varer ikkje vert henta etter krav, kan hamnevesenet selje dei på auksjon etter vanleg kunngjering. Varer som ikkje gjev trygd for utlikna kostnader eller som kan vere til ulempe eller skade, kan seljast av hamnevesenet før utløp av tidsfristen i det nemnde kravet, eller destruerast om ein finn det naudsynt. Om ein finn det naudsynt kan hamnevesenet utbetre ei vare si emballasje mot refusjon av utgiftene.

Hamnevesenet er heilt utan ansvar for dei varer som til ei kvar tid er lagra i lagerhus, på kaier, brygger og på opne lagerplassar.

Det kviler på ekspeditør/ meklar snarast mogeleg etter vara si ankomst å gje hamnevesenet følgjande opplysningar: Vara si mottakaradresse, vekt og mål, skipet sin siste lossedag og vara sin utleveringsdag, m.m. Vedkommande meklar/ ekspeditør er ansvarleg for at avgiftspliktige varer ikkje vert utlevert før kostnader og avgifter til hamnevesenet er betalt.

#### Fritak frå varevederlag.

Varer som grunna lasta si forskyving, omstuing eller liknande vert landa på kaia for så å verte lasta inn att på same farty er fritatt varevederlag. Tom-emballasje, så som pallar eller containarar, for emballering av varer til utføring er fritatt varevederlag. I tillegg er bagasje til passasjerar, Proviant, bunkers og andre skipstilfang til eigen trong, ballast og post friteken varevederlag.

#### Varevederlag på offentlege kaier

VARESLAG	VAREVEDERLAG
Petroleumsprodukt	kr 12,50
Fiskefôr	kr 7,50
Fôr- og gjødselstoff	kr 7,50
Murstein, kalkstein, skifer m.a .	kr 6,50
Sand, singel, pukkestein, asfalt	kr 7,50
Fisk, krepsdyr og blautdyr	kr 11,00
Papp og papir	kr 22,00
Tre og trevarer	kr 21,00
Sement	kr 7,00
Stål og varer derav	kr 11,00
Andre varer	kr 12,50
Rullande einingar	kr 100,00 pr stk
Vatn	kr 15,00



Vederlaget vert rekna per 1000 kg eller per 2,0 m<sup>3</sup>, og ein skal velje den metoden som gjev den største avgifta. **Minste vederlagssats er kr 15,-** Sendingar under 10 kg er fritaken frå vederlag.

Sum av inngåande og utgåande last per farty- anløp skal leggjast saman, summen vert multiplisert med ein generell vederlagssats på kr 15,- per 1000 kg / 2,0 m<sup>3</sup> (frakttonn). Kombinasjon av dei to metodane vert ikkje tillaten. Der rekneskapstekniske tilhøve gjer det naudsynt, kan spesielle ordningar avtalast med hamnevesenet.

### **Florø Gjestehamn\***

Florø Parkering AS er innleigd til å krevje inn kaivederlag på Flora hamn KF si gjestehamn etter følgjande takstar:

- Takstgruppe 6431 : Båtar 00 – 34 fot – kr 150,- pr. døgn
- Takstgruppe 6432 : Båtar 35 – 49 fot – kr 200,- pr. døgn
- Takstgruppe 6433 : Båtar 50 – xx fot – kr 250,- pr. døgn

Kaivederlag på gjestehamna må betalast med anten kort eller app (Easypark – app).  
Kaivederlag inkluderer vatn, strøm, leveranse av mindre mengder avfall og tilgang til gjesteservicehuset.

#### Prisar på bruk av utstyr i gjesteservicehus

Vaskemaskin: 20 kr pr. vask.

Tørketrommel: 10 kr/timen.

Dusj: 10 kr/pr 3 minutt.

\*Vederlag for Florø Gjestehamn vert regulert per 01.03 kvart år. Noverande prisar gjeld fram til 28.02.19

### **Endringar av dette regulativet**

Desse vederlaga gjeld frå 01.01.2019 til 31.12.2019

Vedteke i styret Flora Hamn KF 13.11.2018.